



[www.vernkysten.no](http://www.vernkysten.no)

Olje- og Energidepartementet  
v / statsråd Terje Riis- Johansen  
Postboks 8148, Dep

0033 OSLO

Moloveien 2  
6083 Gjerdsvika

Email: [hallvard@stadt.no](mailto:hallvard@stadt.no)

Gjerdsvika 27.11.2008

## VINDKRAFT - DER FOLK SKAL BU ?

Vyrde statsråd.

Vi mottok denne veka brev frå dykkar departement , der de av slo vår anke på tildelt vindkraftkonsesjon på Fakken i Karlsøy kommune i Troms. Denne avgjersla kom som eit slag i ansiktet på alle dei som har brukt dagar og netter av si fritid på å kjempe imot dette meiningslause prosjektet. - **Dykkar stadfesting av konsesjonsvedtaket på Fakken, syner med all tydelegheit at verken NVE eller OED har teke inn over seg alle dei negative ringverknadane ved å omskape urørd natur til industiområde på denne måten .**

Vi vil med dette be om å få eit snarleg møte med statsråden om vindkrafta si rolle i Norge.

Danmark vert rekna som eit føregangslan på vindkraft, og har betydeleg lenger erfaring med dette enn vi her i Norge. I Finansavisa den 20.august i år, kan ein lese eit lenger intervju med konsernsjef *Anders Eldrup i Dong Energy*. Han seier der mellom anna : ” Offshore er mye vanskeligere og dyrere enn onshore, men vi ser at folk ikke vil ha vindmøller på land og derfor er vanskelig å få lisenser til det. Det har tvunget oss til å gå offshore, sier han ” .

NVE og OED ( saman med Norwea, Zero og Natur & Ungdom ) tilbakeviser , bagatelliserer og trekkjer i tvil alle typer motargument mot vindkraft, ser det ut som.

*For oss i Stopp Rasering av Kysten – er det fasiten som er interessant, nemleg det faktum at folket ( og politikarane ) i eit lands som Danmark – vel å ikkje bygge vindkraftverk på dansk jord lenger.*

Vi trur at det norske folk sin dom over våre politikarar som ikkje vil sjå denne sannheita i augene, vil verte hard .

Ser også at De mellom anna uttalar at anlegget skal vere med på å sikre forsyninga i området, og skape vekst i kommuna. – Dette er etter vårt syn eit ” standardsvar ” som vi stiller store spørsmålsteikn til :

- Trur verkeleg statsråden at det vil verte kraftmangel i Troms fylke i dei komande åra ?
- Vil dette tiltaket verkeleg gagne Karlsøy kommune på sikt ?

Vår organisasjon Stopp Rasing av Kysten, har pr i dag 21 lokale lag spreidd langs heile kysten frå Troms i nord til Lindesnes i sør.

Våre medlemmar er vanlege folk som har funne det nødvendig å ta eit engasjement i denne saka, fordi dei ser dei planlagde utbyggingane av vindkraft som ein trussel for lokalsamfunnet dei bur og lever i.

**Spesielt i tider som dette med økonomisk krise og press på verda sine energiresursar, er det vår plikt å satse på utvikling av dei beste energialternativa først.**

Her er vår prioriteringsliste over det ein må satse på i Norge i åra framover : ( 0 til 10 poeng)

PRIORITET	TILTAK	MILJØVENLEG Energi	FORNYBAR Energi	STABIL Energi	UTPRØVD Teknologi	ØKONOMISK Lønsomt	VISUELL Forsøpling	ENERGI Potensiale	SUM Maks 70
1.	ENØK	10	9	9	10	10	10	10	68
2.	JORDVARME	10	10	8	9	9	10	10	66
3.	BIOENERGI	10	10	8	10	7	10	9	64
4.	VANNKRAFT	9	10	9	10	8	9	9	64
5.	GASS	5	1	9	10	6	9	10	50
6.	HAV-VIND	8	10	7	0	3	4	7	39
7.	ATOMKRAFT	0 ?	0	9	10	0	8	10	37
8.	LAND-VIND	1	10	2	2	0	0	5	20

Vi vil knytte nokre kommentarar til tabellen over, og korleis vi har vektlagt ymse aspekt ved dei alternative formene for energi.

### 1. ENØK – i særstilling det beste alternativet – 68 av mulege 70 poeng.

Energisparing er ei fantastisk kjelde for å frigjere meir energi i Norge.

Ein kW spart er kanskje 100 gangar meir verdifull enn ein kW produsert vindkraft.

Dette fordi ein då ikkje treng å bygge ned urørt natur, og overføringslinjer, samt at det vil gi ei helt anna økonomisk inntjening.

Om vi i Norge og andre land ikkje lærer oss å spare på energi – til det aldri verte nok av den, uansett kor mykje vindkraft vi bygger eller kor mykje olje vi pumpar opp.

Energi og kapital er og vil vere ein begrensa ressurs i verda.

Ny rapport frå SINTEF Byggforsk viser at ein med enkle teknikkar kan redusere energiforbruket i alle typer verksemder og bustadar med mellom 30 og 75 % . Ja - faktisk helt opp til 100 % - ref. nye hus som ikkje treng tilført ytre energi i det heile !

Sjå vedlegg frå ABB. Liknande studiar frå Siemens , Bellona og den tyske energiorganisasjonen ZVEI stadfestar det same.

Det å snakke om kraftmangel i eit land som fløymer over av alle typer energi ( fornybare og ikkje fornybare) samtidig som vi driv sløsing i stor stil, er ikkje særleg visjonært. Ei heller ein berekraftig politikk.

*Norge er faktisk det einaste landet innan EU / EØS som ikkje har ein nasjonal handlingsplan for ENØK.*

*ENØK -potensialet er på meir enn 15 TWh skriv Norsk Teknologi i ein artikkel, vedlagt.*

## 2. JORDVARME

Vi tenkjer her mellom anna på boring av såkalla energibrønner for å hente opp varme ( og kulde om sommaren til kjøling ) til for eksempel ei husklynge, burettslag eller bydel. For oss som har Golfstraumen som nabo, kan dette også gjerast ved å hente sjøvatn inn til eit vann/vann varmepumpesystem. Dette er eit område som vi i Norge har høg kompetanse på, men som til no har vore svært lite brukt. Men vi ser at der er svært gode resultat med slike anlegg mellom anna i Ålesund, på Nordfjordeid, og på nye AHUS i Oslo. I Sverige er denne type anlegg svært vanlege, også i private bustadar.

Jordvarme kan brukast nesten overalt på jorda, og representerer definitivt ein fornybar og høgst miljøvenleg energi. Anlegget er normalt heilt usynleg, då det vanlegvis består av eitt eller fleire borehol som går ca 100-200 meter ned i jorda.

Ved oppvarming verkar eit slikt anlegg slik at ein tilfører 1 kW, og får tilbake ca 4 kW. Ved kjøling (luftkondisjonering) er anlegga endå meir effektive. Veldokumenterte prøver frå eit slikt anlegg i Oslo nyleg, viste at ein ved å tilføre 1 kW fekk tilbake 50 kW kjøleeffekt ! - Dette er reine "Perpetum Mobile" tydelegvis (sjå vedlegg) . I mange land går det med store delar av det samla elektrisitets-forbruket nettopp til luftkondisjonering om sommaren, så dette vil ha global interesse.

Dette er altså ein fantastisk måte å produsere fornybar energi på både i Norge, og internasjonalt. - Kva med å gjere dette til eit nasjonalt satsingsfelt for Norge, og som eksportvare ?

## 3. BIOENERGI

Bioenergi er også ein fornybar miljøvenleg ressurs som vi kan utnytte langt betre. Som for dei 2 ovanforståande gode alternativa, representerer Bioenergi også ein lokal-distribuert form for energiproduksjon. Dette er positivt både med omsyn til overføringstap og infrastrukturbygging i form av linjer etc.

## 4. VANNKRAFT

Her tenkjer vi på småkraft , gjerne frå 10 kW til 1000 kW. El-produksjon overalt i landet, der det er bruk for energien. Reduserer overføringstap og linjeutbygging. Det finst som kjent eit stort potensiale i Norge på dette feltet, og nye rapportar frå NIVA peikar på at denne form for utbygging ikkje er så øydeleggande som ein før har hevda.

Nedbørsprognosane peikar på at vi kan rekne med stadig meir nedbør i åra som kjem. Dette gjer vannkrafta endå meir lønsam og viktig for Norge. Men som med alle former for inngrep, må ein gjere også dette med sunn fornuft.

Småkraft og bio peikar seg også ut som spesielt gunstige tiltak for å styrke busetnad og næringsgrunnlag i bygdene og i landbruket.

Oppgradering og utviding av større eksisterande kraftverk kan også vere svært gunstig, og tilføre oss store mengder påliteleg, billeg og fornybar kraft. Dette er velkjend teknologi som har vist seg berekraftig under norske forhold i 100 år. - "Vannvittig enkelt" og derfor også rimeleg å bygge, og driftssikkert. Det enkle er som regel også det beste.

Vi kan takke vannkrafta for mykje av vår velstand i dag.

## 5. GASS

Norge bør kunne ta i bruk meir av den gassen vi pumpar opp frå Nordsjøen.

Gass bør brukast i industrien ( fyrkjelar etc), samt til drivstoff i bilar og på skip.

Dette vil også frigi elektrisk energi som kan brukast til meir spesielle formål, som belysning, datamaskiner, elektriske bilar etc.

## 6. HAV-VIND

Vindkraft langt til havs kan muligens utgjere ei framtidig energikjelde også for Norge. Pr i dag er dette heilt uprøvd teknologi, som det vil vere svært krevjande å utvikle til eit kommersielt lønsamt og bærekraftig produkt.

Vi får sjå korleis det går med HYVIND og tilsvarende prosjekt, når dei har fått prøvd dette over nokre år.

## 7. ATOMKRAFT

Stort potensiale, men svært kontroversielt i Norge, og unødvendig. - Vi er så heldige at vi har minst 6 andre alternativ som vi må utnytte først.

## 8. LAND-VIND - det dårlegaste alternativet, 20 av 70 mulege poeng

Vindkraft på landjorda eller i kystnært område- slik vi ser det i dei 100-tals planlagde prosjekta langs kysten.

Som vi har påpeikt i omfattande utgreiingar tidlegare til NVE og OED – utgjer dette eit alternativ som etter vårt syn ikkje passar inn for oss i Norge. Det er muleg det passar godt for danskane, som ikkje er velsigna med vasskraft, men vi har registrert stor motstand også i Danmark mot vidare utbygging der folk skal bu.

Lista over negative argument mot vindkraft er så lang at vi ikkje skal repetere den her, sjå heller innom vår heimeside [www.vernkysten.no](http://www.vernkysten.no) .

**Vindkraft på norsk landjord er ei gedigen feilsatsing som vi snarast råd må gå bort frå. Nye konsesjonar vil kun bandlegge store områder og føre til uvissheit i distrikta som vert råka. Vi ser no at investorane trekkjer seg ut frå denne type prosjekt, sjølv i land med høge subsidiar. - Samla risiko er for høg.**

Vi imøteser ein vidare konstruktiv dialog kring vindkraft og norsk energipolitikk, og ber som ovanfor nemnt om eit snarleg møte for å bere fram vårt syn .

Med venleg helsing

Landsorganisasjonen

**STOPP rasing av Kysten**

Hallvard L. Slettevoll  
leiar

Kopi : Miljøverndepartementet  
Stortinget sin Energi- og Miljøkomite  
Karlsøy Kommune  
Troms Fylkeskommune  
Møre og Romsdal Fylkeskommune  
NTB, NRK, TU

Vedlegg: 5